



## Join Us Ten Sing 40 år

Ulike generasjonar Join Us medlemmer  
sette kvarandre stemme 30. september.

Side 4

Foto: Geir Skarding



### Tweens

Det blir ganske livleg når over  
50 tweens samlast ei helg!

Side 7



### Velkommen til Tanzania

Rapport får ti dagers mobiliseringstur  
i regi av kirkens Nødhjelp

Side 12



### Diakoniplan

Les om hovudpunkta i diakoniplanen  
for Os kyrkja.

Side 13

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

**REDAKSJON:**

Gerhard Hansen og kyrkjestaben.

**ADRESSE:**

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os  
Besøksadresse: Øyro 49

**UTGJEVAR:** Os sokneråd

**ANSVARLEG REDAKTØR:**

Gerhard Hansen

**LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:**

Picapoint Studio  
www.picapoint.no

**FOTO FRAMSIDE:**

Os sokneråd

**TRYKK:** Borge Grafisk AS

**OPPLAG:** 8.460 stk

**OS SOKNERÅD:**

Postboks 209 - 5202 Os

**LEIAR:**

Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598  
antu-bjo@bkkfiber.no

**OS KYRKJE:** Tlf. 56 57 24 10

**KYRKJEKONTORET I OS:**

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.

E-post: post@os.kyrkja.no

Kontortid: måndag-fredag kl.09-14



# Omsorg



*Omsorg for den enkelte er viktig, og i fellesskap utvikler vi oss hele livet. Derfor er det så viktig å bygge gode fellesskap i lokalsamfunnet.*

Her har også kirken en unik og sentral plass i blant annet det å inkludere og bidra til å holde omsorgen for mennesket høyt. Vår iboende verdighet skal ivaretas og vernes om hele livet. Diakonien har gjennom historien vært en viktig dimensjon for å ivareta dette. Sykehus har blitt bygget, institusjoner har blitt til, sultne har blitt mett. Mennesker har sett nøden, fått Guds kjærlighet til mennesker og handlet.

Diakonien skal være en grunntone i alt som skjer i kirken. Dette innebærer ikke bare dette med at vi skal tjene og støtte hverandre i fellesskapet, og være gode med hverandre, men og at Jesus får være vår tjener som ønsker å tjene oss. Det er her han former oss til å bli de vi er skapt

til å være og til å utvikle den viktigste relasjonen, relasjonen med ham.

Vi elsker fordi han elsket oss først, og utfra denne relasjonen med vår frelser, som har omsorg for det som hender i våre liv, skal vi få gi noe av hans fantastiske omsorg og kraft videre. Da blir vi tjenende fellesskap som sammen alltid har noe å gi.

Sammen skal vi bry oss om hele mennesket, slik at enhver opplever seg verdifull.

**Ha en velsignet god dag!**

**Ingrid Vik**  
DIAKON



## Program julemessa 25.november

**Kl 10:00** Messa opnar.  
Samling i Storsalen.

**Kl 10:15** Salsmessa opnar.  
Kortreist bakst.  
Handarbeid m.m.  
Aktivitatar for born og ungdom. Ulike lag/grupper har stands og informerer om deira tilbod; kanskje noko er interessant for deg å ta del i? Lynlotteri og tombola. Tipp vekta – sikre deg pinnekjøtside om du tipper rett vekt! Fotografering – ta familiefoto i «julemiljø» som julekorthelsing. Kaffi, saft og vaflar i Storsalen.

**Kl 11:00** Underholdning  
– barnegruppe frå Søre Øyane. Åresal.

**Kl 12:00** Underholdning  
– Join Us ten sing. Åresal.

**Kl 13:00** Laurdagsgraut/betasuppe.

**Kl 14:00** Underholdning.  
Spelmannslaget  
Åresal og trekking  
hovudlotteri

# Julemesse

*Julemesse med inntekt til kyrkjelyden sitt barne- og ungdomsarbeid har vore i mange 10-år. Det var mødreklubbane som tok dette initiativet tidleg å 1960-talet. Dei seinare åra har soknerådet teke ansvar for planlegging og gjennomføring.*

Med det nye Tunet kyrkje- og kultursenter har vi fått heilt nye rammer og kan og få presentere noko av det mangfald kyrkjelyden har av klubbar, kor, foreiningar, - og tilbod innan trosopplæring, m.m. På messe dagen vil du finne stands- og informasjon om mykje av arbeidet som er og skjer i kyrkjelyden.

Går det slik vi planlegg, vert det aktivitatar, konkurransar og ulike leikar. Kanskje du kan prøve bilbanen? Eller prøve deg på ulike spel? Biljard og bordtennis vert det og plass til; kanskje du vinn ein miniturnering? Og sjølvsgagt vert det salsmesse. Mykje godt heimelage og kortreist bakverk; brød, rundstykkar, lefser, småkaker/julekaker. Nokre karar har planer om nokre fixe småting laga i sløydboden.

Det vert lynlotteri, godt gamaldags årelotteri og sjølvsgagt hovudlotteri med særdeles flotte ginstar for både store og små. Syklar, brodert duk, skjerm Brett, Lego, tur-kjøken, sovepose, gitar, bilde, med mykje meir. Samla verdi på desse gevinstante er over

30-tusen. Vaffelpressa starter opp tidleg om morgonen messedagen og vi trur vi kan garantere alle besøkande bygdas beste vaflar denne dagen!

Det vert ulike underholdningsinnslag gjennom dagen; sjå ramme.

### LAURDAGSGRAUT

Som vanleg kan du få kjøpe laurdagsgrauten i Tunet denne dagen, - og for dei som heller vil ha betasuppe kan vi by på det.

### JULEFOTO

Er du usikker på kva julehelsing du skal sende til slekt og venar? Også i år har vi ein dyktig fotograf som tar bilete av deg og familie. Vi lager til studio med julepreg slik at du får ein fin ramme rundt bilete. Biletet får du tilsendt digitalt og kan ta det med til fotoforretning og få printa ut i storleik og antall du ønskjer; - alle berre bruke det som digital helsing om du foretrekker det.

GAH

Bilder frå tidlegare julemessar.





A-koret 1977-1986 si lydprøve før konserten.



B-koret 1987-1999 lydprøve før konserten

# Join Us Ten Sing feira 40-årsjubileum

Det vart ei stor helg i Os kyrkjelyd 30. september, då Join Us Ten Sing sitt 40-årsjubileum vart feira av tidlegare og noverande medlemmer.

Tekst: Inger johanne Haugland  
Foto: Jens Meyer

Nære vener og tidlegare medlemmer som ikkje har sett kvarandre på mange år, kom saman for å mimre, syngje og spele gamle songar, - eller berre for å mingle - og gjensynsgleda var stor! Målet var å halde konsert i Os-kyrkja kl 18 same dag.

## I Tunet ljoma det frå alle rom

Etter ei kort velkomststund i Storsalen, gjekk folket til Eldstova, Spegelen og kyrkja for å øve med 'sitt' kor. Banda frå dei ulike tidsepokane delte på Storsalen. I kyrkja øvde

det eldste koret, under leiing av opstarts-mannen, Thorbjørn Helgesen, alias Tobba. Han spurde; «Kvifor song dåke ikkje like bra den song som no?»

## Konserten

A-koret starta med vare, fine låtar med tekstar av Bente Bratlund og melodiar av Torbjørn Helgesen. Låtane var del av samarbeidet dei to hadde i forbindelse med ungdomsarbeidet i kyrkja tidleg 80-tal. Songtekstane henta frå Bibelforteljingane: Den blinde tiggaren, Bartimeus, Synderinna i farisearens hus og Fattigvinna som gav det vesle ho hadde, i tempelkista.

Raskare taktar etter kvart; «Jeg bor ved kanten av et hav», «It won't be long», og «Take me back». Det svingte då B-koret drog låtane: «Get together», og «Beds are burning» (ein låt med tekst som er dagsaktuell med tanke på miljøet vårt), og «Love is all around».

C-koret framførte Unwritten, (siste strofa understreka at; the rest is still unwritten).

This is amazing grace, og Shackles, ein flott og fengande lovsong til vår Herre og Meister. Og det var verkeleg 'amazing grace' å få oppleve denne dagen.

Avslutningsvis i konserten slo alle kora seg saman og framførte «Soon and very Soon, we are going to see the King» og «Lean on me». Alle kora hadde eigne stjernelag av musikarar.

## Etter konserten i kyrkja var der mange lovord om alle kora. Sitat frå Facebook:

- Og FOR en kveld det ble i kirken!! Full "trøkk" fra alle korene. Sanger og musikere strålte og ga de mange tilhørerne en herlig opplevelse! Fantastisk å tenke på hva Join Us har betydd for hundrevis av ungdommer opp gjennom disse 40årene!
- Takk for en fantastisk jubileumshelg. Leve lenge på denne helga
- Det var virkelig gøy
- Ei stor takk til alle de som gjorde det mogeleg å feira jubileet slik det vart gjort. Berre eit ord: Fantastisk! Takk for



Bandet i årets Join Us - også et stjernelag



*mange gode ord. Gjer godt å vita at ein har vært med og gjort ein forskjell for nokon. Gler meg til å høyra dagens Join Us igjen. Stå på. for Jesus*

Festkvelden var leia av Einar Ekerhovd, som intervjuja Tobba om gamle dagar. Kva som har gjort mest inntrykk? Alle spådommane om dette koret skulle vere ei døgnfloge er gjort til skamme. At Join Us har eksistert i alle desse åra har eg ikkje visst om. Og det er ei stor glede å sjå og høyre dagens Join Us. At ein har fått lov å bety ein forskjell for nokon, det er det største i grunnen.

Frå A-koret var Bjørn Madsen på podiet med ei fin takkehelsing til Tobba. Det handla om korleis det kristne ungdomsarbeidet i Os var på slutten av 70-talet til midten på 80-talet;

### **Her er et par stikkord slik jeg husker**

**det:** Vi som spilte instrumenter i det kristne ungdomsmiljøet i Os på den tiden hadde tilgang til veldig bra lydutstyr, som det ikke var så mange som hadde på den tiden. For oss i bandet var det rett som det var at vi sto igjen i kirken etter øving med Join us, og spilte vidare på annan musikk. I tilfelle noen kom så hadde vi øvet inn at vi skulle gå rett over på "Jesus er den eneste vei".

Jeg husker en gang vi spilte en populær poplåt og en av de ansatte i kyrkjelyden kom innom (en av de eldre) Vi var akkurat litt for seine til å skifte sang og bare

stoppet, da sa han forarget: «Må slutta med denne jazzingo i kyrkjo».

En annen gang hadde jeg funnet ut at jeg skulle selge slagverket mitt, kyrkjelyden hadde ikke slagverk så da fikk Tobba det til at de kjøpte mitt, så kunne jeg fortsatt spille på det. Det er en historie som Fimmien minner meg på hver gang vi treffes. Ellers er det bare å nevne den kristne ungdomsklubben som holdt til der Madammen kom senere, der kunne vi gå rett fra skolen og gjøre lekser, spise vaffler og høre på musikk fra det som var topp moderne den gang: to kassetspillere med hodetelefoner til, der var det kø. Vi kunne også øve med band der. Ellers tok Tobba oss med på konserter o.l..

Med god hjelp av Lars Harald Drange sine redigerte video-klipp og digitaliserte fotos frå B-koret si periode vart «gull-tidene» i Join Us dokumentert. Det var ikkje få turar til utlandet Join Us hadde då Ekis og Bård Eirik Hallesby Norheim med fleire var med. Og mange gode historiar vart mimra om til glede for tidlegare medlemmer – og til undring for dagens ungdom.

Dagens Join Us-medlemmer kom og spurte om det kunne gå an kutte ut pause-snacs og heller bruke pengane på tur med koret. Andre ringte like godt til presten spurte om koret kunne få synge ved gudstenesta

dagen etter. Med andre ord; engasjementet var stort – sjølv etter godt over 12 timer på fest.

Søndagens gudsteneste vart halden av Roar Hallesby Evjedal, med hjelp frå tre andre prestar frå Join Us-miljøet opp igjennom tidene: Einar Ekerhovd, Erlend Lunde og Bård Eirik Hallesby Norheim. Både dagens Join Us og stor-koret var med, og kyrkjekaffien vart akkurat så heidundrande som forventa, med mykje kake og kaffi. Tunet var fylt til randen av folk. Gamle avisutklipp, gensarar og andre effektar frå tidlegare tider hang til utstilling, men dei fleste var opptatt av å snakke med gamle kjente.

Det var mange fine avskjedshelsingar som sa noko slik som at «dette har eg lengta etter. Det å få koma attende til miljøet som forma meg, gav meg verdiar og retning i livet. Det gjorde godt.»

Moro var det - og takk til alle dei som har vore involvert for å få til denne dagen, det er ikkje få! Takk til dagens Join Us som alle hadde vert-oppgåver, takk til teknikanane våre, med Ole Martin Hagen i spissen, dei fekk ekstra utfordringar som vart løyst på ein framifrå måte. Tusen takk til alle som kom! Utan dykk hadde ikkje denne feiringa vorte slik den vart - ei stor helg!

**Meir om Join Us på neste side >**



# Kva har Join Us betydd for deg?



Børge Lunde



Lars Harald Drange og Simon Bjørnevik

## Børge Lunde:

Tida bak slagverket i Join Us var svært kjekk! Det vart rimeleg kjapt laga til trommebur av pleksiglas for å dempe den kolosale trommelyden, slik at resten av bandet og ikkje minst koret òg fekk sin plass i lydbiletet. Dei sosiale relasjonane og det gode venskapet eg fekk til mange den gongen, er framleis sterkt og solid den dag i dag. Vi er mellom anna ein karagjeng frå tida i Ten Sing som gjer ulike sosiale aktivitetar saman, fleire gonger i året. Eg blei òg kjent med Turid i koret, som eg i dag er gift med, sjølv om vi først blei saman nokre år seinare. No har eine gutungen overtatt trommestikkene og nett begynt i koret. Etter å ha høyrte han spela på jubileumskonserten, så trur eg jammen at dei gode, gamle pleksiglasa må plukkast fram igjen, slik at både resten av bandet og koret atter kjem til sin rett!

## Simon Bjørnevik:

Join Us har betydd svært mykje for meg. Det viktigaste først; det var her eg fann kona mi, Anne Turid. Eg har fått veldig mange gode vener. Musikalsk har det betydd veldig mykje. Her vil eg trekka fram spesielt Vegard Hodneland. Å få spela i lag med han og mange andre dyktige musikarar har vore, og er framleis, utruleg kjekt og lærerikt. Det har vore veldig kjekt å få bidra inn i Join Us når dei har hatt bruk for litt basshjelp.

## Lars Harald Drange:

Join Us betydde for meg at eg hadde mange gode vener, som eg fremdeles har. Fekk reise på mange turar i inn- og utland, og fekk vere med på det som skjedde i ungdomsarbeidet. Fekk leva ungdomstida i eitt trygt miljø som har sett sitt preg på mine standpunkt i livet.

## Sanne Moesgård (dirigent i Join Us på 3. året):

Det var eit vanskeleg spørsmål! Men – eg kan sei at det å vere med i Join Us har forandra livet mitt! Før var eg sjenert..

## Isabell Renè Aase:

Mange gode vennskap. Gøy å komme saman å gjere noko vi likar. Samtidig som vi stifter nye vennskap og ha det gøy saman.

## Sara Skaatun:


Ein stad å komme og vere seg sjølv. Får mange vener der. Møtes og gjere felles interesser, som å syngje, spele i band, drive med drama. Blir utfordra på leiarrollar, lærer å ta ansvar.

## Anette Lekven Ellefseth, Miriam Sundsbak Larsen og Mia Kvernes Kleppe:

Det er mange grunnar til at vi er med i Join Us år ut og år inn! Det er fellesskap, sosialt samvær, det er et miljø som aksepterer at vi er forskjellige. Trua på Jesus, og at det framleis finns gode menneske. Vi får utfordringar og ansvar!

## Join Us 40-års jubileum:

- Tidlegare medlemmer var inviterte til å vere med og danne kor frå 'si' tid i Join Us, og halde jubileumskonsert same dag som jubileet vart feira.
- Ut frå påmeldinga vart det tre kor med kvar sine band.
- 1977-1986 A-koret, 1987-1999 B-koret, og frå 2000-dagens Join Us vart til C-koret.
- Alle kora skulle framføre låtar som vart brukt i Join Us i dei ulike tidsepokane.
- Grunnleggjar av Join Us i 1977 var Torbjørn Helgesen alias Tobba.
- Det vart i januar 2017 danna ein komitè av tidlegare leiarar, og denne komiteen har planlagt og arrangert 40-årsjubileum.
- Med i komiteen var: Aasmund Brekke, Vegard Hodneland, Elin og Ståle Skaatun, Torgeir Skjælaaen, Anne Turid Bjørnevik, Einar Ekerhovd, Sanne Moesgård, Thorbjørn Helgesen, Jens Meyer, Ingvild Hallesby Evjedal, Trygve Helgesen og Inger-Johanne Haugland.



# Tårnagent -helg!

Helga 27- 28. januar inviterer  
Os kyrkjelyd igjen til  
Tårnagenthelg!

Det er 3. klassingane som får kome og ha  
ei helg med mystikk og utforsking i regi av  
kyrkja vår.

Tårnagentane er eit nasjonalt  
trusopplæringstiltak og er utarbeida  
av Den norske kyrkja i samarbeid  
med Søndagsskulen. Denne helga får  
3.klassingane mykje opplæring i korleis  
vi, gjennom bibelforteljingane, kan lære å  
bli gode agentar for kvarandre og for det  
gode. Tårnagentane får høyra og oppleve at  
desse «tipsa» kan tas med og brukas inn i  
kvardagen vår i dag.

Gjennom heile laurdagen fartar  
Tårnagentane rundt om i kyrkja på ulike  
oppdrag. Dei er høgt og lågt for og seie det  
slik...

Blant ingrediensene for denne helga kan vi  
nemne: hemmeleg agent, usynleg skrift og  
noko du vil bli litt skitten på fingeren av...

**Kom og sjå .....mohahahahha(litt mørk  
og lavmeltlyd...)**

# Tweensfestival i Åsane

«For vi er TweenSiiing, syns du sangen  
vår er fin - siiing along!»

Det blir ganske livleg når over 50 tweens samlast ei helg! Denne  
gladsangen ljoma i gangane både tidleg og seint, og det tek nok  
lang tid før den forsvinn ut av hjernebarken vår.

**TweenSing Os var på tweensfestival i Åsane helga 27.- 29.okt,  
arrangert av Bjørgvin og Haugaland krets i KFUK/KFUM.  
Det var ei veldig kjekk oppleving!**

- «Eg fekk meg to nye venner, fra Voss, berre etter 5 min!»
- «Dramaseminarer var kjempgøy!! ...men eg lærte ikkje å laga ekte tårer, då....»
- «Det var driiiiitgøy med kampkveld!»
- «Eg visste ikkje at oppblåsbare madrasser kunne laga sååååå masse lyd....!»
- «Gro Helen, eg får ikkje sove! GH: Jammen, det har jo berre gått 5 min..!  
Men heime pleier eg jo å sovne på 5 min!!!!»
- «Kan ikkje vi ha den nye sangen i koret!?!?»
- «Kan vi reise på sånn leir en annen gang??»

**TweenSing Os er ein fantastisk livleg og herleg gjeng å reise på tur med,  
det er i alle fall sikkert!**

Helga var proppfull av gode opplevingar; flott program, sang og musikk  
leia av gode og dyktige ungdomar og musikarar, åpningsshow, seminarer,  
Globallop der tweensa samla inn over 21000,- kroner (!) til KFUK/M sitt  
arbeid med spare- og investeringsgrupper på Sri Lanka, Singspiration,  
soveposesamlinger, leik og nye vener. Helga vart avslutta med ei fin  
familiegudstenste i Åsane kyrkje, der Tweensfestivalen deltok med sang,  
drama, dans og tekstlesing.

Vi har og fått med oss mange nye sanger heim, om det å «Stå opp» for  
seg sjølv, for andre og for verden, og ikkje minst om at Jesus stod opp for  
oss! Desse sangane og tankane gler vi oss til å dela med dykk alle på ein  
påskkonsert søndag 18.mars, i Os kyrkje! Sett av datoen no





# Sprell Levande Søndagsskulens dag

Søndag 24.september feira vi Søndagsskulens dag i Os kyrkje. Vi starta feiringa med familiegudsteneste med dukketeater og drama om Sakkeus, 4-årsbok-utdeling, sang og musikk.

Tekst: Gro Helen B. Skjælaaen

Etterpå var det god «kyrkjekaffe», og mange kjekke aktiviteter for både store og små i Tunet. Fisken Gulliver (søndagsskulens maskot) kom på besøk, og fekk mange nye vener.

Vi ville feira Søndagsskulens dag for å synleggjera Søndagsskulens viktige arbeid. Gjennom å fortelje bibelhistoriar gjev vi borna våre viktige verdiar for resten av livet. Forteljinga om Sakkeus til dømes fortel oss at uansett kva vi gjer og korleis vi opptrer, så vil Jesus møta oss og vera saman med oss. Og det å møta Jesus og bli kjent med han, forandrar oss.

Eg håpar vi i Os og Nore Neset kan gje borna vi møter erfaringer om Nåde. At vi er med å skapar nådefulle rom i søndagsskulearbeidet vårt. Eit dagsaktuelt begrep i dagen samfunn og for mange unge er «skam» og kjensla av å ikkje vera god nok. Jesus ønskjer at vi skal sjå at vi er skapt akkurat slik vi er, med ei meining. Og at vi er viktige i fellesskapa med den vi er. Bibelforteljingane hjelper oss med dette.

I Os har vi hatt søndagsskule/barnesamling i mange år. Det er og har vore mange ildsjeler i dette arbeidet, og ei av desse er Grete Inger Berge. Vi heidra ho for å ha halde på med søndagsskulearbeid i Os i 50 år! Og framleis er ho med i arbeidet! Tenk det! Ho har peikt på Jesus og vist oss at Han er ein god ven å ta med seg i livet. Det har vore til glede for mange born, og er til inspirasjon for oss som er med i dette arbeidet i dag!

Søndagsskulen har som visjon: «Jesus til borna». Så vel møtt til Barnesamling/ søndagsskule i Os kyrkje eller Nore Neset kyrkje!

**Dersom du vil vera med i arbeidet, tek vi imot deg med åpne armar og takksame hjarte!!**





# Konfirmantar klare for Ungdomsmøte

## - 3 på gangen

Tekst: Lars Joar Hilleren

Underteikna var innom TUNET fredag kveld for å sjå til. I gangane på TUNET var det eit yrande liv med rundt 50 tenåringar, medan leiinga for ungdomsmøte gjorde dei siste førebuingane til samlinga kl 20, i Storsalen.


I samtale med tre konfirmantar, Aksel Harju Skeie frå KRIK Golf-gruppa, Filip Lunde Fosen og Ida Lyssand frå KRIK Explore gruppa, fekk eg vite at berre ein av dei hadde vore i TUNET før.

På spørsmål om kva forventningar dei har til ungdomsmøtet i kveld. Her er svara:

**Det er kjekt å vere her ein fredagskveld!  
OK å kome hit etter trening! Forventning om å lære nye songar, og få lære om Jesus.**

### Klubbkveldar hausten 2017

- 10.november: Hjørnefotball
- 17. november: Bilbane
- 1. desember: Julavslutning
- 13. desember: LYSmesse



### Ungdomsarbeidet

Ungdomsklubben er i full aktivitet kvar fredag på kyrkjetunet. Me opnar dørene 19.30 og held på til 22.30. Aldersgruppa er frå 8.klasse til 2.vgs.

**Ta med deg ein ven og kom!**  
Stift nye vennskap ha det kjekt saman i tillegg til og få litt åndelig påfyll.

**Håpar og sjå deg der. Så snakkes me.**



*Slik blir det ferdige bygget*

## Tur til Estland

**Frå 6.-9.oktober var vi på vitjing i Tallinn i Estland. Vi skulle vitja Maria Magdalene kyrkjelyden som vi støtter gjennom avtalen med NMS.**

Turen var godt tilrettelagd og leia av Leif Fjellvang. Lars Hernes, Ruth Wenche Søfteland, Kjellaug Aase og Reidar Fyllingsnes og underteikna var med.

Avstanden til Tallinn er ikkje lang reint geografisk, men vilkåra for å drive kyrkjelydsarbeid er dramatisk annleis enn det vi er vane med. Eit døme på dette er at «religionsfridom» i grunnlova, lett vert forstått som som «fri for religion». Landet hadde jo eit ateistisk styresett i 50 år.

Maria Magdalena kyrkjelyden ligg i forstaden Mustamäe. Der bur det om lag 67 500 menneske. Bydelen har store sosiale utfordringar. Mange born veks opp utan å kjenna far, mange er under tilsyn frå barnevernet osb. Samstundes møter

vi ein by rik på kultur. Vi var på opera og ulike konsertar. Størst inntrykk gjorde nok konserten på byggeplassen der det nye kyrkjebygget er i ferd med å ta form.

Men enno er ikkje kyrkja klar. Då vi skulle til gudsteneste søndag, var taxi-sjåføren svært usikker på kor vi hadde tenkt oss. Inn i ein bagård bak eit varehus og ned i ein kjellar? Det kunne ikkje være rett! Men det var det. Ned ei trapp og bak ei dør fann vi eit lite under av ein kyrkjelyd. Her var prest Tiina Klement, eit par diakonimedarbeidarar, nokre pedagogar og frivillige. Borna frå søndagsskulen var i ferd med å gå. Dei vaksne samla seg til gudsteneste. Eit kjellarlokale med mange små rom og eit lite kjøkken er utgangspunkt for eit mangfaldig arbeid. Tirsdag er det lunsj og bibelundervisning for folk som ikkje har arbeid. Det er konfirmantundervisning, heimebesøk, og andre aktivitetar. Og ikkje minst er tida for kyrkjebygging no. Tallinn by er 100 år neste år, og bydelen har løyvd om lag halvparten av dei pengane som trengst.

Det var nokre protestar mot prioriteringa. Men som eit Guds under valde politiakarane å støtte kyrkjebygginga. Dermed har ein pengar til å gjere kyrkja nesten ferdig på utsida. Framleis er det mykje som må samlast inn. Vi ser på nybygget på kyrkjeutnet til 16 millionar kroner som eit trosprosjekt, og vi lever i eit rikt land med mange kyrkjemedlemmar.

Om lag like mange pengar er kyrkjelyden sin andel av kyrkja i Tallinn. Dei har om lag 100 medlemmar i eit samfunn meir eller mindre fritt for religion. Det kan vi kalla eit trosprosjekt. Dei har erfart at Gud høyrer bønner og at han kan bruka alle slags menneske.

Møtet med prest Tiina og kyrkjelyden i Mustamäe ga inspirasjon til å halde fram med å støtta dei i bøn og med gåver. Samstundes er vi glade for at dei tok imot utfordringa og bed for oss.

*Margrethe Holmboe Askeland*  
SOKNEPREST

*Inngang til det som er i dag menighetens samlingssted*



*Slik så bygget ut 8. oktober.*



# Misjonsmesse

Tradisjonen tro vart det misjonsmesse siste helga i oktober i år óg. Og gode velprøvde tradisjonar førast vidare, men denne gongen var messa i den nye storsalen.



Både born og vaksne deltok.



Shubadubs song

Mange folk var innom og det vart omsatt alt frå heimestrikka sokker, ulike bakverk til heimelaga saft og syltetøy. Inne i salen var det god tilgang på vaflar, kaffi, saft - og god stemning under åresalet med masse gevinstar og lukkelege vinnarar.



Manfald av messevarer



Aline (3) og Tuva (5) fekk kvar si rose.

## Trekningsliste misjonsmessa 28. oktober

1. Duk, Hardangersaum, Anny og Kaare Bakke.
2. Juleduk, Edle og Agnar Lunde
3. Tova bilete, Lilly Haugland
4. Dokke med klede, Randi Grønås.
5. Balansesykkkel, Svanhild Larsen.
6. Trillekoffert, Rune Kvåle.
7. Le Cruaset gryte, Anna Torhild Rotvik.
8. Kaffimaskin, Anny og Kaare Bakke.
9. Kunstglas, Marit Vik.
10. Smykke, Kari Sørås.
11. Kaffiservice, Valborg Vårdal.
12. Krus, Kjellaug og Reidar Fyllingsnes.
13. Pledd, Åshild Nesse.
14. Lampe, Anny og Kaare Bakke.
15. Tursekk, Gerhard A. Hansen.
16. Dbl sengesett, Lars Joar Hilleren.

**Os fellesforeining retter ein stor  
takk til alle som har bidratt med  
gevinster og varer og praktisk  
hjelp til misjonsmessa.**

På føremiddagen gjesta familiecoret ShubaDubs og deltok med eit knippe songar. Kwart barn fekk si rose etter opptreden!

Det er Os fellesforeining som skipar til denne årlege misjonsmessa. Gjennom året elles har ulike misjonsgrupper sine møter der dei deler informasjon om misjonsarbeidet og gjev inspirasjon til det viktige arbeidet til NMS; kjempe med urettferd, dele trua på Jesus og uttrydde fattigdom.



# Karibu! Velkommen til Tanzania

17. september landet vi på Julius Nyerere internasjonale flyplass. 15 trøtte og spente nordmenn fra Nordnorge og Vestlandet. Tolv av oss er utsendinger fra kyrkjelydane vi jobber i mens tre er regionstilsette i KN.

Tekst: Hildur Løkken Lillestøl

Ti dagers mobiliseringstur i regi av kirkens Nødhjelp ligger foran oss der vi skal få et nært møte med «Kampen mot fattigdom». Dette blir spennende!

Vårt første møte er med kvinner ved Interfaith senteret UPENDO på Zanzibar. Senteret er støttet av Kirkens Nødhjelp og andre partnere. For tiden er lederen en dansk prest. Her får kvinner i alle aldre uavhengig av tro, kultur og økonomi, muligheter for å utdanne seg innen søm. Vi besøkte systuen der 8-10 utlærte syersker satt og sydde produkter for salg. Senteret har egen butikk med flotte klær til små og store. Vi møtte unge jenter som nettopp hadde avsluttet skoledagen. De viste oss stolt frem produktene sine og fortalte om ønsker og drømmer for fremtiden. En ville starte egen butikk, en annen ville bli designer.



Besøket ble avsluttet med et orienteringsmøte der leder og to ungdommer orienterte oss om forskjellige sider av virksomheten. Senteret har og ganske nylig startet opp diplomutdanning i « Interkulturelle studier». Adisha som var student ved senteret gjorde sterkt inntrykk på oss med sitt sterke engasjement. Hun sa blant annet: «..tanken bak denne utdanningen er å få forskjellige grupper med

ulik kultur og religion til å finne sammen i felles opplevelser...» Vi var flere som tenkte at dette er et opplegg og engasjement vi kan lære av!

På toppen av Interfaith senteret var der et Tea- house. Her fikk vi møte kvinnene fra systuen igjen men med et helt annet formål. Vi skulle få være med å et «Bankmøte» .



10-12 kvinner sitter på gulvet i en halvsirkel. Et stort skrin blir satt midt i mellom dem. Dette er Bankboksen deres. Tre låser åpnes med tre ulike nøkler av tre kvinner som har ansvar for hver sin nøkkel/lås. Bankmøtet er åpnet. De teller og kontrollerer beholdningen nøye. Noterer i bankprotokollen og i sin egen lille bankbok. Dette er ramme alvor. Årets omsetning er god. En million shilling! Dette gir muligheter for god lånevirkosomhet og investeringer. Møtet avsluttes med at man setter inn sine andeler for neste års bankdrift. Dette blir og nøye ført i alle bøker før penger, bøker og penner blir plassert sirlig i bankboksen og Banken blir låst og stengt for denne gang.

Vi sitter alle storøyde og imponerte igjen. Dette gjorde sterkt inntrykk .Dette ser vi er et tiltak som nytter. Dette gir økonomi og handlefrihet til fattige kvinner. Det er en vei ut av fattigdommen!



## Kirkens Nødhjelp i Tanzania

**Kirkens Nødhjelp har jobbet i Tanzania siden 1965 og åpnet kontor i Dar-Es Salaam i 2005.**

Landprogrammet fokuserer på økonomisk rettferdighet ved å skape flere muligheter for ungdom, kvinner og marginaliserte grupper til å være aktive borgere som trygt og effektivt kan delta i sin egen økonomiske utvikling og holde myndigheter ansvarlige.

Kirkens Nødhjelp jobber i partnerskap med tekniske ressurspartnere og trosbaserte organisasjoner som har grasrottilhørighet, lokal kunnskap og nasjonal legitimitet.

KN tilstreber tverreligiøs tilnærming da Tanzania består av omtrent like deler muslimer og kristne. Både på lokalt og nasjonalt nivå styrkes interreligiøse komiteer og kobling mellom lokale og nasjonale interreligiøse komiteene. Dette er avgjørende for lokalt forankret beslutningspåvirking mot myndigheter. Bidrar i det interreligiøse aspektet til å skape gjensidig respekt for alle religioner, og til stabilitet og fredelig konfliktløsning.

Ungdom er også en viktig målgruppe. Målet er å øke ungdoms deltagelse i utviklingsprosjekter og innad i våre partnerorganisasjoner.



# Kort oversikt over diakonien i Os kyrkje



Den overordna visjonen for Os kyrkjelyd er « Nær Kristus, nær kvarandre og nær kvardagen»

Tekst: Ingrid Vik



«Made with love» Står det på en av dei tinga som nokon av konfirmantane i «Saman FORandre» var med å laga til den flotte kiosken til inntekt til Unicef.

Den same innskrifta og overskrifta står over kvar og eit menneskje, og minnar oss om vår ukrenkelege verdi. **Loved by God.**

Visjonen for diakonitenesta i Os er henta frå den gjeldande plan for diakoni for den norske kyrkja frå 2008: «Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste.»

Diakonien kan arta seg forskjellig frå stad til stad, og mangfald er eit viktig utgangspunkt. Vi har med ein mangfaldig Gud å gjera og han har skapt oss i sitt bilete til gode gjerningar. Gåvene han har gitt oss, skal me bruka til beste for kvarandre. I Bibelen snakkast det om å tena kvarandre, der Jesus ha gitt oss eit førebilde. **«Eg er ikkje komen for å herske, men for å tena.** (Matt 10, 25-28).

Her har me alle eit ansvar, og for det flotte skaparverket han har gjeve oss.

Vi delar gjerne opp diakonien i ulike dimensjonar som kan vera med å skape heilhet og samanheng. Plan for diakoni for DNK utgjeven 2008 s.7 uttrykkjer: «*Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.* »

Diakoniplanen for DNK er utgangspunktet for den lokale diakoniplanen i Os, som Soknerådet etter kvart skal vedta. Her har tidlegere diakon Jannicke Rogne Gangsto gjort eit grundig forarbeid. Diakonen og diakonutvalet i kyrkjelyden har ansvar for at planen vert sett ut i livet og skal godkjennast av soknerådet. Men diakonien er samstundes alle sitt ansvar då den er kyrkja sitt hjarte og «kroppsspråk».

## Her er hovudpunkta i diakoniplanen for Os kyrkja:

- Sorgarbeid
- Besøkeneste
- Samtale
- Bøneteneste
- Arbeid retta mot innvandrarar som språk-kafé i Os, turar, festar og julebesøk
- Miljøarbeid blant unge
- Konfirmantgruppa «saman FORandre» og anna konfirmantarbeid
- Arbeid retta mot eldre
- Søndagssamling og bli kjent i kyrkja kurs retta mot psykisk utviklingshemma
- Grøn kyrkjelyd med m.a. klimafakta og miljøtips i kyrkjebladet
- Fasteaksjonen og innsamling til Kirkens nødhjelp.

Dette er det som no er i funksjon. Diakonutvalet ønskjer gjerne reaksjonar og innspel til diakoniplanen. **Ta kontakt med diakon Ingrid på telefon 56572406 el e-post: [iv@os.kyrkja.no](mailto:iv@os.kyrkja.no). Har du tid og lyst å vere med i diakonalt arbeid, så ta og kontakt med diakonen.**



# Guds grønne jord - vårt felles ansvar

## Pavebrevet om den globale krisa

Av Lars Hernes

I den nyaste omsetjinga av Bibelen står det slik i 1. Mos 1,11: «Gud sa: «Jorda skal bli grøn!» (...) Og Gud såg at det var godt.» Her kan ein sanneleg tala om det grønne skiftet. Ja, skaparverket var fullkome. Rikdomen og djupnene i det ligg langt utanfor vår menneskelege tankeevne. Vitskapen gjev oss stadig ny kunnskap. Men kvart spørsmål me får svar på, valdar nye spørsmål og vekkjer ny undring. Det er fantastisk kor persist Skaparen har programmert alt, smått og stort, til harmonisk samverknad. Og Gud gav mennesket mynde til å forvalta det han hadde skapt. Til ære for seg sjølv. Til gagn og glede for oss.

Denne særretten og dette ansvaret har me røkta skrøpeleg lenge. Fyrst i våre dagar tek me til å skjønna at alle gode krefter no må mobiliserast til vern for livet på planeten vår. Dette er òg ærendet til pave Frans med encyclikaen *Laudato Si'*, (mi' Signore) («Lova vere (du min Gud)»). Tittelen er henta frå Frans av Assisi sin Solsong tidleg på 1200-talet. Her forkynner den seinare heilagkåra tiggarmunken at alle menneske er sysken, og at jorda er vår felles heim i tilværet. Ved å ta Frans til pavenamn, viste argentinararen Bergoglio òg kven han ville ha til førebilete og inspirator i sitt paveembete.

### Eit vekkjarrop med kall til omvendning

Det pavelege lærebrevet har gått ut til biskopar og prestar i Den romersk-katolske kyrkja verda over. Men i innleiinga vender Frans seg til alle menneske. For den globale krisa vedkjem heile menneskeætta. Det gjeld klimatrugsmålet frå drivhusgassane, nedbrytinga av dei økologiske systema, øydinga av naturressursane og eit stadig

minkande biologisk mangfald. Sosialt inneber dette ei grell urettferd mot dei fattigaste i verdssamfunnet. Kontrasten er den rike delen av verda, med materiell overflod og uhemma forbruk. Såleis er dette også ei gjennomgripande etisk krise, seier paven. Læreskrivet hans er eit vekkjarrop. Det målber kallet til ei radikal omvendning attende til Guds gode ordningar for livet på jorda.

Då encyklikaen vart send ut våren 2015, hausta paven storm. Ei gjengs skuldning var at han gjekk ut over sitt pavemandat ved å fremja venstreradikal politikk. På den andre sida vart skrivet til stor inspirasjon for miljøorganisasjonane si deltaking på klimatoppmøtet i Paris seinhaustes same året. Dermed hadde han greitt å lyfta miljøspørsmåla opp på eit plan der dei etiske implikasjonane ved miljøkrisa kom sterkt i fokus.

### Kristeleg og teologisk substans

Eg finn grunn til å hevda at også kristeleg og teologisk held skrivet fram viktige sanningar. Det er ingen tvil om at me, også på vår lutherske kyrkjemark, har tenkt for slapt om vårt gudgjevne forvaltaransvar. T.d. lærer Bibelens forteljing om Noah oss at omsut for eige liv, natur og miljø ikkje kan skiljast frå brorskap, rettferd og kjærleik til nesten. Alt gudskapt gjev eit atterskin av Skaparen. Like viktig for alle kristne er apostelorda om korleis Guds mål med skaparverket er knytt saman med Kristus-mysteriet: «Alt er skapt ved han og til han.» (Kol 1,16). Ved at Gud i inkarnasjonen vart menneske, solidarisererte han seg med våre grunnvilkår i skaparverket. Slik kunne Kristi forsoningsdød

skapa fred mellom oss og Gud. Og i krafta frå oppstoda til evig liv skal alt verta nytt i eit fullkome Guds rike på ei ny jord.

### Modernitetens mytar om teknologiske løysingar

Rett diagnose er ein ting, probate middel til lækjedom noko heilt anna. Slik òg med boteråder til restitusjon av ei sjuk Moder Jord. Men etter kvart veit me mykje om kva som skal til for at utviklinga kan koma tilbake på rett spor. Difor er det viktig at paven manar alle menneske av god vilje, vitskap, organisasjonar og styresmakter til å fremja tiltak som er i samklang med dei fysiske og økologiske lovene som alt jordisk liv er underlagt. Vår noverande livsstil med overdrive konsum, sløsing og miljøøydelegging kan ikkje halda fram. Mange døme på samanbrot i økosystema i avgrensa område av kloden dokumenterer dette.

Det ligg såleis mykje sprengstoff i skrivet. Paven slår fast at me må ta naudskrika frå kloden like mykje på alvor som ropa frå dei fattige og naudstadda. Han går hardt ut mot det han kallar modernitetens mytar: den reindyрка individualismen, forbruksjaget og trua på den frie marknaden. At teknologien kan gje oss løysingar på alle problem, er eit sjølvbedrag. For økonomien ser alle teknologiske framsteg som høve til kortsiktig profitt, utan auga for dei langsiktige skadeverknadene av rovdrift og forbruksmaksimering.

Men kva er så løysingane? Det ville vera urimeleg å gjera pave Frans til ein allvitar om det. Som nemnt, held han sterkt fram

at alle gode krefter må dra lasset i lag. Eit slikt engasjement vil gje nytt liv til vedtaka på det store møtet som WWW (Verdsnaturfondet), med pave Johannes Paul II som vert, stod bak i Assisi i 1986. Møtet var eit dialogforum mellom vitskap, miljøorganisasjonar og dei fem store verdsreligionane (buddhisme, hinduisme, jødedom, islam og kristendom). Fyrst på 1990-talet las eg med stor interesse boka Gud – og grønne skove. Der er det gjort grundig greie for korleis religionane presenterte seg i Assisi, spesielt med tanke på natursyn og naturettikk. Såleis i hinduismen: «Alt i universet tilhører Gud. Tag derfor kun det du virkelig behøver, det som tilkommer dig. Tag ikke andet, for du ved, hvem det tilhører.» ( S.78).

Trua må vera synleg for andre  
Som kristen tek den katolske lærefaderen til orde for «en økologisk spiritualitet som springer ut av vår tro». Med det meiner han at vårt møte med Jesus Kristus må verta synleg for verda ikring oss. Det inneber m.a. at me må finna tilbake til ein enkel og nøysam levemåte etter Jesu føredøme, han som brukte blomane på marka og fuglane under himmelen som døme på Guds uendelege omsorg for sine skapningar.

Det er interessant å sjå korleis den høgste personen i det katolske hierarkiet har tru på endringar nedanfrå i samfunnet. Nokon må gå fyrst, lokale tiltak kan visa veg, felles sak skaper fellesskap, kooperative tiltak kan føra til knoppskyting andre stader. Styresmaktene vil etter kvart måtta ta omsyn til folkeleg press. Aksjonsgrupper kan gå i bresjen for strengare regelverk og kontrolltiltak. Urbefolkningar kan læra oss at det er viktig å ta vare på kvarandre, familien og lokalmiljøet.

Jau, eit nytt grønt skifte er noko å strekkja seg etter! Og vekkjarropet til paven bør me ta til oss.

**Pave Frans: Laudato Si'. St. Olav Forlag, Oslo 2016.**

**Jensen og Rothstein: Religioner og naturbevarelse. Munksgaard Forlag, København 1991.**

# Tunet, kyrkje - og kultursenter med ikonutstilling i adventstida.

Laurdag den 2.des. kl.12.00 opnar  
Rigmor Hasle Amundsen  
Ikonutstilling.

Ho har måla ikonar i ei årrekke og hennar varemerke er utruleg klårt, fargesterkt og streksikkert! Ho har hatt utstillingar fleire stader i landet og har til dømes ståande invitasjon til å halda utstilling i Roma! Ho måler ikonar etter den russisk ortodokse tradisjon. Vi vil og få eit møte med kunstnaren som vil fortelja om kva eit ikon er og korleis eit ikon vert til. Sals utstillinga vert ståande til søndag den 17. des.

**Sjå annonsen i lokalavisa og på [kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os) i veke 47 /48**

**Arr. Os sokneråd**





# Ein kyrkjevert fortel

Grete Surland Våge er eit kjend ansikt i Os-kyrkja. Ho er ei av dei som varmt og blidt ønskjer oss velkomen i kyrkja.

Tekst: Inger Johanne Haugland

«Veldig kjekt» kjem det kontant frå Grete, på spørsmål om korleis ho likar oppgåva. Ho starta som kyrkjevert før Nore Neset kyrkje vart bygd, så bortimot 20 år vert det snart. Å gå til gudsteneste, treffe folk og snakke med folk, det synes eg er fint. Å vere kyrkjevert er ei spanande oppgåve!

## Eit større mangfald i gudstenestene

Det har stadig vore små justeringar. Over tid lærer ein prestane litt å kjenna, på korleis den enkelte planlegg gudstenestene. Det er litt ulikt skjønar du - og så kjem det an på om det er ei gudsteneste med mykje folk, om det er myldremesse, bandgudsteneste eller høgmesse – eg opplever at det har vorte eit større mangfald i typar gudstenester i løpet av dei siste åra.

## Ein kyrkjevert må jo møte ein halvtime før folket kjem, korleis er det?

Det er veldig fint, for eg er eit A-menneske og likar å stå opp tidleg.

## Organisering av kyrkjevertane

**Grete, du er flink å melde frå om datoar som ikkje passar, men korleis opplever du det når semesterlista kjem med datoane som viser kva søndagar du har «vakt»?**

Det er oversiktleg og greitt, og skulle det hende at det dukkar opp noko uføresett, ja, så opplever eg at folk er veldig villige til å byte søndag, viss dei kan.



## Opplever du andre vertar like punktlege som det du er?

Det gjer eg. Sjølv sagt har det hendt at enkelte har kome i kyrkja klokka 11, og brått kome på at det var i dag han/ho skulle vore kyrkjevert, og hive seg med i oppgåva. – Og det har hendt at eg har blitt ståande åleine. Det kan vere slitsamt.

Då har vi, heldigvis, fantastiske kyrkjetenarar som stiller opp!

## Korleis opplever du som frivillig medarbeidar takk for innsatsen som kyrkjevert?

Eg føler at eg er ein del av teamet som skipar til gudstenesta, at oppgåva er viktig og verdsett. Eg opplever det å vere kyrkjevert som meningsfylt!

## Kva vil du seie til nye som har lyst å prøve seg i oppgåva? Kom og bli med!





# Info om Vipps



Stadig fleire bruker mobiltelefonen når vi skal betale, og Vipps har utvikla mange gode tenester som kyrkjelyden har teke i bruk.

Når du søker opp Os kyrkjelyd (eller søker opp 20250) får du meny som vist på bilete.

## OFFER OG GÅVER

Under menyval Offer og gåver kan du gje offer i kyrkja, gåve til trinn III til Tunet eller gje eit bidrag til gjevartenesta.

Under denne hovudmenyen får du første gong spørsmål om du vil at gåve skal gje skattefritak. Svarer du ja på dette må du melde inn namn og personnummer. Ved årsslutt vil vi summere alle gåver som er registrert på ditt personnummer og melde inn som gåve til Os kyrkjelyd og melde til skattemyndene. Minimumsbeløp for innmelding er kr 500,- og maksimumsbeløp som kan gje skattefritak er 30-tusen.

Når du gjev offer i kyrkja ein søndag og formålet er t.d. Menighetsfakultetet, så får du og skattefritak; di gåve er eit bidrag til kyrkjelyden som gir denne gåva vidare til Menighetsfakultetet eller det som er offerformål denne søndagen.

## ARRANGEMENT

Her er det ulike konkrete formål; frå Fredagstaco til andre arrangement. dette er betaling for deltaking og vert ikkje rekna som gåve, - og sjølv sagt får du heller ikkje skattefritak for dette.

## KYRKJEBLAD


Her kan du fort og enkelt betale bladpengar for kyrkjebladet.

Vi distribuerer bladet fritt til alle husstander i Os, men er avhengig av at folk flest betaler bladpenger. No er det lett vint med Vipps.

## JULEMESSE

Julemessa er eit årleg felles arrangement der mange i kyrkjelyden møtast til trivelege messeaktiviteter, underholdning, basar og utlodding, sal av kortreiste varer og aktivitetar på ulike områder.

Mange betaler kontant eller med bankkort, men du kan og betale med Vipps.



## Bjørnafjorden kommune

Som ein konsekvens av at Fusa og Os kommunar skal slå seg saman, skal tilsvarende skje på kyrkjeleg sektor.

Både Os og Fusa sokn og sokneråd skal halde fram, men det skal etablerast eit kyrkjeleg fellesråd; Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

Fellesrådet vil ha ansvar for gravferdsforvaltning og drift, drift av kyrkjene i den nye kommunen og vere arbeidsgjevar for alle dei tilsette med unnatak av prestane som er tilsett hjå bispedømerådet.

Til å førebu dette er det sett ned ei Fellesnemnd med representantar frå begge sokneråd, begge kommunane + prost Kristin Litlere som er oppnemnd av biskopen.

Frå Os sokneråd er desse med: Anne Turid Bjørnevik og Arne Tveit.

Etter kvart som arbeidet går framover, vil vi informere nærare om det som vert bestemt.

# Gjev ikkje glans og gull og prakt

(Salme 57)

Melodien til salmen er skriven av den store finske komponisten Jean Sibelius. Tekstforfattaren, Zakarias Topelius, er òg finsk.

«Gjev ikkje glans og gull og prakt» er ei norsk gjendikting av julesongen «Julevisa» av den finske dikteren Zacharias Topelius frå 1887, også kjend som «Giv mig ej glans, ej guld, ej prakt» etter opningsorda. Melodien til salmen blei komponert av Jean Sibelius i 1909. Songen er blant dei mest populære julesongane i Finland. Han blei omsett til norsk av Arve Brunvoll i 1995.

1. *Gjev ikkje glans og gull og prakt ved signa juletid!  
Gjev meg Guds ære, englevakt og over jorda fred!  
Gjev meg den fest som gleder mest,  
med kongen beden hit som gjest!  
Gjev ikkje glans og gull og prakt, gjev meg ei englevakt!*
2. *Gjev med ein heim på Herrens jord, ei gran med barn i ring,  
Ein kveld i ljøs med Herrens ord og mørker rundt ikring!  
Å, gjev meg du at eg kan bu med samvetsfred, i von og tru!  
Gjev meg ein heim på Herrens jord og ljøs frå Herrens ord.*
3. *Til høg og låg, til rik og arm, kom fred i all vår strid!  
Kom barneglad, kom hjartevarm i verdsens vintertid!  
Du, Herre, som min konge kom! Du, einast, skifter aldri om.  
Til høg og låg, til rik og arm, kom glad og hjartevarm!*

**Andrew Holman**  
KANTOR

## Ny medarbeider

**Nicolay Vinkler er tilsett i vikariat som kyrkjelydsarbeidar medan Hege Varhaug-Lekven er i svangerskapspermisjon.**

Nicolay har arbeidserfaring frå ulike stader. Det siste året har han vore kyrkjetenar i Bergen, tidvis i kombinasjon med trusopplæringsarbeid.



## Sokneprestens hjørne: Kven kan vera fadder?

Frå tid til annan får ein spørsmål om ein kan stryka eller legga til fadrar, gjerne fleire år etter at barnet er døypt. Svaret på dette er både nei og ja, avdi ein fadder har to oppgåver.

For det første er ein fadder eit vitne til at dåp faktisk har skjedd. Difor skal det vera minst to fadrar til stades ved dåpen. Dei må ha fylt 15 år. Foreldra kan ikkje vera fadrar. Kyrkjeboka er eit historisk dokument som fortel kven som faktisk var fadder då dåpen fann stad. Ein kan difor ikkje stryka ein fadder.

For det andre skal fadrane vere med å gje barnet opplæring i kristen tru. Dette er eit stort og viktig ansvar. Difor må fadrane vere medlemmar i den norske kyrkja, eller dei kan vera andre kristne som ikkje forkastar barsedåpen. Å oppdra til tru, saman med foreldra og kyrkja, er ei oppgåve ein har til barnet er voksen.

Dette førutset at ein fadder har høve til å ha kontakt med barnet gjennom heile oppveksten. Nokre gonger vert dette umogeleg. Det kan skuldast dødsfall, at det døpte barnet har fått ny familie gjennom adopsjon eller andre særlege omstende. I slike høve kan biskopen gje løyve til at ein fører inn nye fadrar.

Den som måtte tenkje at oppnemning av ny fadder er naudsynt, kan ta kontakt med soknepresten for ein samtale. Utgangspunktet for ein slik samtale er at ein tar fadrane sitt ansvar for opplæring til tru på alvor. Så lenge det er biskopen som godkjenner oppnemning av ny fadder, søker soknepresten på vegne av foreldra.

**Margrethe Holmboe Askeland**  
SOKNEPREST





# TUNET

## Kyrkje- og kultursenter

Det nye TUNET har mange utleigelokale til ulike formål.  
Og alle er velkomne til å leige, anten det er dåpsfest, konfirmasjon eller bryllaup.  
Eller kanskje eit møte av ulike slag?

**Salongen:** møterom for 6-12 personar  
**Spegelen:** møterom/øvingsrom for 6-20 personar. (P)  
**Eldstova:** møterom for 10-60 personar. (P) (T)  
**Glass-salen:** møterom for 10-25 personar  
**Storsalen:** Møterom/konsertsal/  
Foredragssal: 50-200 personar (P) (T)  
**Undervisningsrom:** Møterom for 10-20 personar (P)  
**Pådekking:** til inntil 150 personar.

(P) = projektor  
(T) = høgtaleranlegg/teleslyngje



Kontakt kyrjekontoret  
for avtale om leige og leigevilkår  
**Telefon 56 57 24 00**

## Tunet, kyrkje- og kultursenter med nytt Yamaha C6X flygel!

Bli med på ei markering med "laus snipp" og konsert fredag 1.des. kl.19.00!

Konserten vil ha eit variert program med mange aktørar og i ulike musikalske uttrykk! Idèen om å investera i eit flygel, kom frå Vegard Hodneland. Han sette i gong ei kronerulling som mange har tatt del i! Ei stor takk til Vegard og til alle som opna lommeboka! Vegard Hodneland er ein habil muskar og pianist i fritida si, og sjølv sagt skal han få utfolda seg med eit klassisk musikkstykke på konserten!

### Noter deg dag og tid!

Se annonse i lokalavisa og på [kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os) i veke 47 / 48. Kollekt til Tunet.  
Arr. Aasmund, Norvald Johan, Andrew og Edle



Fellesforeininga av NMS ønskjer velkomen til

# ADVENTSMØTE

## ONSDAG 6/12 kl 19:00

I Tunet kyrkje- og kultursenter.

Adventstanker ved Torild Sommersest Song av Sigrun Skjælaaen  
Dahl. Musikk. Risgraut.

## Advents- og julekonserter 2017

- Fredag 1. desember
  - Søndag 3. desember
  - Søndag 3. desember
  - Tysdag 6. desember
  - Søndag 10. desember
  - Onsdag 13. desember
  - Fredag 16. desember
  - Lørdag 17. desember
- Åpningskonsert av flygelet Storsalen, kl 19.00.  
Nornekor, i Os kyrkje kl 18.00.  
Os mannskor, i Nore Neset kyrkje kl 19.00.  
Eldretreff i Os kyrkje kl 12.00. Kyrkjekoret og skoleelevar.  
Os musikkforeiningen, Os kyrkje kl 18.00  
Lysehornetbrass, Nore Neset kl 19.00  
Kongshaug i Os kyrkje kl 7.30. Morgenkonsert og utover.  
Kongshaug i Os kyrkje kl 16.00 og 19.00

**Julemesse**  
Den tradisjonelle  
julemessa vert LAURDAG  
25. november.  
Merk av dato på  
kalenderen!

**TITT**  
30. november  
kl. 20.00

Panel samtale med 4 aktive  
kyrkjefolk om folkekyrkja i  
Os - ein stad for alle!

## NMS GJENBRUK OS

MILJØ, MØTEPLASS & MISJON

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.



**Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!**

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis  
Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPLASS MISJON



Følg oss på Facebook  
"NMS Gjenbruk Os"

Støtt våre annonsører

DRENERING • MURING • SPRENGING



**BOTNEVIK**

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307  
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID



**DRANGE BRUK AS**

Høvel- og skurdlast

Panel - lister - golv

Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
5215 LYSEKLOSTER

Rørlegger   
**Titlestad**

- NYBYGG
- REHABILITERING
- VANNBÅREN VARME
- SERVICE

Ring for gratis og  
uforpliktende befarung

**Tlf 480 68 830**

mail:

titlestad93@hotmail.com

[www.rørleggertitlestad.no](http://www.rørleggertitlestad.no)



# Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

**Trenger du en elektriker?  
Ta kontakt med Geir Skarding:  
Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no



## ING. G. VÅGE A.S

5217 Hagavik  
Telefon.: 56 30 55 39  
E-mail: g-vaage@online.no  
www.vaage.as

- Autorisert elektro og teleinstallatør
- Vedlikehold

*Laveste priser i bransjen?  
Når du trenger elektriker  
kontakt Gunnar*

## OS HAGESERVICE

alt innen hage

**Vi lager hageplan,  
murer, legger stein,  
lager plen og planter  
busker og trær.**

56 57 66 77    99 00 80 80  
www.oshageservice.no




## OS REISEBYRÅ AS

Boks 274, 5203 Os  
Tlf. 56304300  
e-post: os@travelnet.no | [www.verden.no](http://www.verden.no)

REISEGARANTI  
RGF  
FONDET



## FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

Tlf.: 56 58 14 06  
Fax: 56 58 39 99  
Mob: 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar.

## KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

## PM Sælen & Co AS

Tlf. 56 30 44 90



www.jernia.no

## GRAVMINNER

Stor salgsutstilling av nye monumenter  
Tilføyelser / Oppussing



## STEINRIKET

EIKNER NATURSTEIN  
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN  
TLF. 55 98 70 00



## Os Gravferdsbyrå as

**Døgntelefon  
56 57 49 50**

Jorunn Moberg  
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)



## DØYPTE

### 20. august

Felix Lyssand Bastiansen  
Julia Dworak-Børresen  
Lucas Robert Fristad  
Vilde Gaugstad Jørgensen  
Oskar Svendal Rio  
Aleah Undheim Waage

### 27. august

Didrik Dahlberg  
Nikolai Bagne Gill  
William Thomas Borgen  
Lundquist  
Teodor Johnsen Nordstrønen  
Jenny Eide Refsland  
Ella Helle Tuft  
Tuva Wirkola

### 3. september

Gabriel Bjoarvik  
Ylva Matre Bøthun  
Johannes Sørvik Bøthun  
Gabriel Grape  
Ulrik Breivik Halhjem  
Nova Lekven

### 9. september

Hilma-Marie  
Bustadmo-Baldersheim

### 10. september

Tidemann Heggland Løberg  
Mikkel Sletten Råhem  
Nora Dale Tveit

### 17. september

Amine Othilie Thorsvik Askvik  
Olav Grytten Ekelund  
Selena Scheie Gjerstad

### 24. september

Ronja Kylløvik Hald  
Kaspian Johansen Hitland  
Thea Kästel Jansen  
Marie Libnau  
Mollie Lindborg Presttun  
Vilde Røykenes Sælen  
Leander Røttingen Stegen

### 8. oktober

Aksel Lepsøe Aspenes  
Ailo Bergesen-Samuelsson  
Trygve Olai Gausvik  
Henrik Johan Mjåtvedt  
Henneman  
Julie Røttingen Lyngbø  
Lodin Orrebakken Tumyr-Lillejord

### 15. oktober

Leah Svåsand Aasberg  
Paul Hjelle  
Sandra Løland

### 22. oktober

Daario Lorentzen Daviknes  
Emily Nordstrønen Helle  
Anna Lekven Rasmussen

## VIGSEL

### Os kyrkje 2. september

Eirin Frotveit & Jørn Danielsen

### Os kyrkje 9. september

Elisabeth Søvik  
& Bernhard Bøgevik

Marita Heggeland  
& Thomas Lindborg

Iselin Berg Bustadmo  
& Hans Jørgen Baldersheim

### Os kyrkje 30. september

Susanne Kleppe  
& Kjetil Storum Nøstdal

### Os kyrkje 14. oktober

Siv Arlind Ramsdal &  
Christoffer Gjernes  
Johansen

## VELSIGNING AV INNGÅTT EKTESKAP

### Os kyrkje 2. september

Sandra Marie Stølen  
& Anders Kråkenes



## DØDE

### Oddbjørg Ulltang

f. 16.05.1937 - d. 14.08.2017

### Erna Irene Borgen

f. 23.04.1944 - d. 16.08.2017

### Harry Kjemhus

f. 14.10.1931 - d. 18.08.2017

### Samson Bjørke

f. 14.08.1935 - d. 27.08.2017

### Eldbjørg Stor-Re

f. 01.01.1940 - d. 02.09.2017

### Anton Sagen

f. 22.12.1923 - d. 04.09.2017

### Guri Charlotte Bugge

f. 21.11.1964 - d. 12.09.2017

### Ottar Nåmdal

f. 18.02.1938 - d. 12.09.2017

### Reidar Johan Flaterås

f. 20.02.1948 - d. 16.09.2017

### Gerd Engevik

f. 15.08.1931 - d. 17.09.2017

### Kjell Vik

f. 21.09.1940 - d. 18.09.2017

### Alfrid Andrea Bruarøy

f. 12.03.1927 - d. 19.09.2017

### Jostein Heggland

f. 28.03.1935 - d. 25.09.2017

### Esther Dagny Gausvik

f. 19.04.1931 - d. 06.10.2017

### Johan Ludwig Mowinckel

Reksten f. 27.05.1948 - d.  
10.10.2017

### Henning Aasen

f. 29.04.1968 - d. 12.10.2017

### Ellen Vangsnes

f. 05.12.1928 - d. 14.10.2017

### Retting av feilskreve namn frå førre kyrkjeblad:

Finn Kolbjørn Petersen  
(ikkje Pedersen)

f. 03.09.1946 - d. 05.04.2017



## OS KYRKJE

- 12.11.17 kl 10.00: Dåp.  
 12.11.17 kl 11.15: Nattverd  
 19.11.17 kl 11.00: Dåp. Born frå  
 Lys vaken deltek.  
 26.11.17 kl 11.00: Lovsong og band.  
 Nattverd.
- 03.12.17 kl. 11.00: Nattverd.  
 Speidargudsteneste.  
 10.12.17 kl. 10.00: Dåp.  
 10.12.17 kl. 11.15: Nattverd.  
 Konfirmantar deltek.  
 13.12.17 kl. 19.00: Lysmesse.  
 17.12.17 kl. 18.00: Julesonggudsteneste.  
 24.12.17 kl. 14.00, 15.15 og  
 16.30: Julaftan  
 25.12.17 kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste.  
 Nattverd.
- 01.01.18 kl. 11.00: Nattverd  
 07.01.18 kl. 11.00: Dåp.  
 14.01.18 kl. 11.00: Lovsong og band.  
 Nattverd.  
 21.01.18 kl. 10.00: Dåp.  
 21.01.18 kl. 11.15: Nattverd.  
 28.01.18 kl. 11.00: Dåp. Tårnagentene  
 deltek (3. klassingar)

## NORE NESET

- 12.11.17 kl 11.00: Dåp. Myldregudstente,  
 babysong og ShubaDubs deltek.
- 03.12.17 kl 11.00: Dåp. Nattverd.  
 Born frå Lys Vaken deltek  
 24.12.17 kl. 14.30 og 16.00: Julaftan  
 26.12.17 kl. 11.00: Dåp.
- 14.01.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.  
 28.01.17 kl. 11.00: Nattverd.

## LURANETUNET

- 24.12.17 kl. 11.00: Julaftan

## LYSEKLOSTER SKULE

- 24.12.17 kl. 15.30: Julaftan

## Takkoffer

Oversikt over kva vi har fått inn  
 i offer sidan 6. august 2017

- 13.08.17** Tunet, kr 6.764,-  
**20.08.17** Familie og Media, kr 9.530,-  
**27.08.17** Konfirmatnarbeidet i  
 kyrkjelyden, kr 5.724,-  
**03.09.17** Tunet, kr 7.443,-  
**10.09.17** Misjonsprosjektet, kr 7.133,-  
**17.09.17** Kirkens Bymisjon, kr 6.003,-  
**24.09.17** IKO - Kirkelig pedagogisk  
 senter, kr 5.639,-  
**01.10.17** Ungdomsarbeidet i  
 kyrkjelyden, kr 13.088,-  
**08.10.17** Tunet, kr 5.932,-  
**15.10.17** TV-aksjonen 2017, UNICEF,  
 kr 5.770,-

### Retting frå førre kyrkjeblad:

- 16.04.17** Det kom inn kr 13.488,- til  
 Tunet kyrkje- og kultursenter,  
 ikkje kr 26 975,-



## OS Kyrkjelyd

### TILSETTE:

#### SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,  
 Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05  
 Mob: 979 51 006, mha@os.kyrkja.no

#### KAPELLAN I OS

Roar Hallesby Evjedal, rhe@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

#### SENIORPREST

Knut-Ivar Askeland. kia@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 07, mob: 905 64 628

#### KYRKJEVERGJE/DAGLEG LEIAR:

Gerhard Hansen, gah@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 03, mob: 911 62 199

#### SEKRETÆRAR:

Elin Oldervoll Moberg,  
 tlf. 56 57 24 02, eom@os.kyrkja.no  
 Monica Refsdahl  
 tlf. 56 57 24 13, mr@os.kyrkja.no

#### UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 17, mob: 476 56 541

#### KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hll@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 14, mob: 45275553

#### DIAKON:

Ingrid Vik, iv@os.kyrkja.no,  
 tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

#### KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, aph@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 11

#### FRIVILLIGKООORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ijh@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

#### KYRKJELYDSPEDAGOG

#### BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Gro Helen B. Skjælaaen, ghs@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

#### KYRKJELYDSARBEIDAR:

Hege Varhaug-Lekven, hvl@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 15, mob: 909 90 272  
 Nicolay Vinkler, nv@os.kyrkja.no  
 tlf. 56 57 24 09

#### DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG GRAVPLASSAR:

Driftsleiari Reidar Berge (mob 416 52 042),  
 Trygve Helgesen, Marianne Tveit og  
 Linn Kjerstin Rondestveit

Sjå [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os) for  
 oppdaterte opplysningar.

Avs:

Os kyrkjelyd

Postboks 209

5202 Os


## BARNESIDA



# BARNAS SIDE

### Fargelegg!

Gud talte til Moses frå ein brennande tornebusk.



### Hjelp Gulliver på skulevegen!

På veg til skulen skal Gulliver hente Krister Grønkrabbe, Frida Fløyfisk, Sondre Sei og Ronja Raudspette. Kva er den kortaste vegen til skulen når han skal hente dei i den rekkefølga?



Mannen ringde til politiet:  
– Kom med ein gong. Nokre har stole rattet og pedalane i bilen min!  
Litt etter ringde han att.  
– De treng ikkje kome likevel. Eg hadde visst sete meg i baksetet.

### Vitsar

– Du har sparken! ropa sjefen.  
– Kva, kvifor det?  
Eg har jo ikkje gjort nokon ting.  
– Nei, nettopp!

### Vi anbefalar barnebladet BARNAS!

Denne sida er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller **22 08 71 00**



### Finn 5 feil

Teikningar: Trevor Keen

Moses førte israelfolket ut frå Egypt.  
Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

